

Avtale om vilkår for utlån av læremiddel, skuleutstyr m.v.

Avtale mellom:

Elev:

.....
Etternamn

.....
Førenamn

.....
Klasse

og

..... vidaregåande skule

Avtalen skal dekke storparten av lån-, leige- eller kjøpsforholda mellom elev og vidaregåande skule. Det er oppretta eigen avtale for kjøp eller leige av PC-ar. Ikkje alle punkt er relevante for alle elevar.

1. Gratis læremiddel

Dei læremidla/skuleutstyret m.v. eleven no har fått låne, tilhøyrrervidaregåande skule og er ein del av utlånsordninga for gratis læremiddel.

Lånetida for bøker/skuleutstyr er 1 år. Ved skuleåret sin slutt, seinast, må eleven levere bøker/skuleutstyr attende til skulen i god stand. Sluttar eleven tidlegare, må bøker/utstyr m.v. leverast attende seinast 14 dagar etter sluttdato. Det er viktig å hugse på og ta omsyn til at bøkene/skuleutstyret skal brukast av andre elevar etterpå, jf. gjeldande ordensreglement ved skulen

Dersom bøker/utstyr vert øydelagde, ikkje vert leverte attende eller elles kjem bort, er eleven eller føresette erstatningspliktige etter denne avtala og etter reglane i skadeserstatningslova § 1-1 og § 1-2¹. Skulen vil i tilfelle sende eleven/føresette faktura med krav om betaling for kostnaden med kjøp av ny bok/utstyr. Det vert ikkje krevja erstatning for normal slitasje som følgjer av vanleg bruk.

2. Felles innkjøp skulemateriell/-utstyr

Læremiddel/skuleutstyr som eleven skal halda sjølv, men som vert innkjøpt felles for klasse, og som skal dekkast av kvar einskild elev i klassen, gjer eleven økonomisk ansvarleg for sin del.

3. Identifikasjon og skysskort

Ved tap av ID-kort eller Skysskort eleven har fått utdelt frå skulen eller fylkeskommunen, pliktar eleven å erstatte tapet. Erstatningsplikta er avgrensa til kostnaden med utskrivning av nytt kort.

¹Elevar og føresette sitt erstatningsansvar er regulert i lov om skadeserstatning 13. juni 1969 nr. 26.

4. Anna skulemateriell og utstyr

Ved utlån eller sal av anna skulemateriell/-utstyr som ikkje er dekkja av punkta over, kan det vera fastsett eigen leigesum/salssum.

5. Mat

Ved avtale om mat på skulen, pliktar eleven å betale for dette.

6. Manglande betaling

Ved manglande betaling innan fristen for eit eller fleire av dei nemnde ansvara over, vert det sendt purring før kravet vert sendt til inkasso.

Avtalen vert skriven ut med ein kopi til elev/føresette og ein til skulen.

For elevar under 18 år er føresette si underskrift ei stadfesting på at dei er medansvarlege for eventuelle kostnader etter avtalen.

.....
Dato

.....
Elev

.....
..... vidaregåande skule

.....
Føresett

.....
Føresett